



Lokal forskrift om gebyr

Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning
Plan, geodata og oppmåling



Innhald

| | | |
|-----------|--|-----------|
| 1 | HEIMEL | 3 |
| 2 | IVERKSETTING | 3 |
| 3 | GENERELLE REGLAR | 3 |
| 3.1 | FORMÅL | 3 |
| 3.2 | BETALINGSPLIKT | 3 |
| 3.3 | KVA REGULATIV SKAL NYTTAST | 4 |
| 3.4 | KOMMUNEN SINE KOSTANDER TIL FAGKUNNIG HJELP | 4 |
| 3.5 | FASTSETTING AV GEBYR | 4 |
| 3.6 | SAKER DER KOMMUNEN IKKJE HELDT LOVPÅLAGTE TIDSFRISTAR FOR SAKSHANDSAMING | 4 |
| 3.7 | REDUSERT GEBYR | 5 |
| 3.8 | KLAGE | 5 |
| 3.9 | ENDRING AV REGULATIVET | 5 |
| 4 | TENESTER MED GEBYR ETTER MEDGÅTT TID. | 5 |
| 4.1 | TIMEPRIS | 5 |
| 5 | PLANSAK | 5 |
| 5.1 | GEBYRPLIKT OG UNNTAKSFØRESEGNER | 5 |
| 5.2 | OPPSTART AV PLANARBEID | 6 |
| 5.3 | ARBEID MED PLANFORSLAG | 6 |
| 5.4 | ENDRING AV PLAN | 6 |
| 6 | BYGGE- OG DELEFORBOD (PBL. KAP. 13) | 6 |
| 7 | BYGGESAK | 7 |
| 7.1 | SØKNAD UTAN ANSVARSRETT | 7 |
| 7.2 | TILTAK SOM ER SØKNADSPLIKTIG ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 20-1 A | 7 |
| 8 | KART OG OPPMÅLINGSSAK | 11 |
| 8.1 | OPPRETTING AV MATRIKKELEINING | 11 |
| 8.2 | GRENSEJUSTERING | 12 |
| 8.3 | AREALOVERFØRING | 13 |
| 8.4 | KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE OG KARTLEGGING AV RETTAR | 13 |
| 8.5 | GEBYR | 13 |
| 8.6 | MATRIKKELBREV | 14 |
| 9 | GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR | 14 |
| 9.1 | OPPRETTING AV EIGARSEKSJONAR, NYBYGG | 14 |
| 9.2 | OPPRETTING AV EIGARSEKSJONAR, EKSISTERANDE BYGG | 14 |
| 9.3 | RESEKSJONERING | 15 |
| 9.4 | SYNFARING | 15 |
| 9.5 | SLETTING / OPPHEVING AV SEKSJONERT SAMEIGE | 15 |
| 10 | MILJØ OG LANDBRUK | 15 |
| 10.1 | KONSESJONSHANDSAMING | 15 |
| 10.2 | JORDLOVSHANDSAMING | 15 |
| 10.3 | GEBYR FOR TILTAKSSAKER ETTER FORUREININGSLOVA | 15 |
| 10.4 | SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ SEPARATE AVLØPSANLEGG. (FORUREININGSFORSKRIFTA KAP. 12, 13 OG 14.) | 15 |
| 10.5 | GEBYR FOR TILSYN OG KONTROLL | 16 |



1 Heimel

Lokal forskrift om gebyr er vedteke med heimel i:

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl.) av 27. juni 2008 § 2-1 og § 33-1
- Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova, ml.) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16
- Lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997 § 15
- Lov om vern mot forureining av 13. mars 1981 nr 6 - § 52a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndigheit til kommunane etter forureiningslova. Forureiningsforskrifta av 01.06.2004. Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar av 28.06.2018.
- Lov om behandlingmåtar i forvaltningssaker (fvl.) § 27a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker mv.
- § 4 i forskrifta til offentleglova av 17.10.2008. nr.1119.
- Viltlova av 29.05.1981 nr. 38 § 40 og forskrift om kommunale viltfond § 6
- Saker etter Lov om havner og farvann av av 17. april 2009 nr. 19 (hamne- og farvasslova) §27 og tilhøyrande lokal forskrift er delegert til Bergen Havn.

2 Iverksetting

Lokal forskrift om gebyr er vedteke av Øygarden kommunestyre den 16.12.2021 i KS-sak 175/21, og gjeld frå 01.01.2022.

3 Generelle reglar

3.1 Formål

Gebyrforskrifta gir heimel for kommunen sin rett til å ta gebyr for lovpålagte oppgåver etter plan- og bygningsloven, matrikkellova og eigarseksjoneringslova. Formålet med gebyrforskrifta er å opplyse innbyggjarane om søknadspliktige tiltak og kva det kostar å søkje.

3.2 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med Lov om renter ved forsinka betaling mm av 17. desember 1976.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring av vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr eller søknad om refusjon eller redusert gebyr. Klage eller søknad om fritak/reduksjon fører ikkje til utsett betalingsfrist.



3.3 Kva regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerestrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Ved bestilling av møter og førehandskonferanse vert gebyret for møte rekna ut frå gjeldande satsar på bestillingstidspunktet.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

3.4 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyre inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

3.5 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr. Gebyr i saker som krev dispensasjon kjem i tillegg. Gebyr vert fakturert når det er fatta vedtak i saka. Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad. Ved avvist eller trekt sak blir det fakturert gebyr ved avslutta sak slikt det går fram av forskrifta for den aktuelle sakstypen.

Gebyr for førehandskonferanse vert fakturert etter gjennomført møte, eller ved avbestilling seinare enn 2 verkedagar før avtalt tidspunkt eller ved manglande oppmøte.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak, og vert fakturert etter handsaming av byggesøknad for tiltaket.

Gebyr for handsaming etter jordlova, forureiningslova og lov om hamner og farvatn kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer ca. 10 % av gebyret, jf. pbl § 33-1.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

3.6 Saker der kommunen ikkje heldt lovpålagte tidsfristar for sakshandsaming

Der kommunen ikkje heldt dei lovpålagte tidsfristane for handsaming av byggesaker, delesaker/oppmålingsaker, private planforslag og søknadar om seksjonering, vil gebyret blir redusert etter reglane i byggesaksforskrifta § 7-6, forskrift om behandling av private forslag til detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova § 8, matrikkelforskrifta § 18, og eigarseksjonslova § 14.

Reduksjon eller bortfall gjeld ikkje dersom det er avtalt lengre frist i den einskilde sak.



3.7 Redusert gebyr

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyr skal skje ved enkeltvedtak.

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

3.8 Klage

Gebyr for byggesak, tilsyn og miljøforvaltning og plan, geodata og oppmåling er fastsett ved forskrift. Det er ikkje klagerett på forskrifter, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagefrist er 3 veker. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap. VI. Statsforvaltaren er klageinstans.

3.9 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

4 Tenester med gebyr etter medgått tid.

4.1 Timepris

For gebyr som ikkje vert fastsett på annan måte, eller som skal reknast ut etter medgått tid – jf. regulativet, skal følgjande timesatsar nyttast:

| Gebyr | Sats 2022 | Sats |
|---|-----------|------|
| Timesats for kontorarbeid inklusiv administrativ støtte | 1050 | 1050 |
| Timesats for markarbeid inklusiv transport, utstyr og materiell | 1200 | 1200 |

5 Plansak

5.1 Gebyrplikt og unntaksføresegner

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeid fram til fyrste gongs handsaming.

Det vert ikkje berekna gebyr når hovudføremålet med reguleringsplanen er å avsetje areal til offentleg samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Det vert ikkje berekna gebyr når hovudføremålet med reguleringsplanen er å avsetje areal til bygging eller anlegg regulert til grav- og urnelund, offentleg grønstruktur, vern av kulturmiljø eller kulturminne, særlege landskapsomsyn, naturvern eller friluftsområde.



5.2 Oppstart av planarbeid

Både kommunen og tiltakshavar kan krevje oppstartsmøte. Det skal betalast gebyr for oppstartsmøte og undervegs møte.

| Gebyr | Sats |
|---|-------|
| Rettleiingsmøte - før planinitiativ vert sendt inn. Gebyr pr. møte | 4980 |
| Oppstartsmøte. Gebyr pr. møte | 20750 |
| For planinitiativ som vert avvist i oppstartsmøtet der forslagstiller krev framlegget forelagt for Utval for plan til endelig avgjersle, jf pbl. § 12-8. Gebyr pr. sak. | 8300 |
| Varsel om oppstart - gjennomgang av varslingsmateriale og klargjering av annonse. Gebyr pr. plan | 4980 |

5.3 Arbeid med planforslag

| Gebyr | Sats |
|---|---------|
| Undervegs møte (merknadsgjennomgang, utfordringar i planen). Gebyr pr. møte | 6640 |
| Innleveringsmøte - gjennomgang av planframlegg. Gebyr pr. møte | 224 100 |
| Reguleringsplan, detaljregulering inkl. full planendringar, pbl §§ 12-3, 12-10 og 12-11. Gebyr pr. plan Føresett gjennomført og betalt Innleveringsmøte | 66400 |
| Reguleringsplan, detaljregulering inkl. full planendringar, pbl §§ 12-3, 12-10 og 12-11. Gebyr pr. plan | 313 740 |
| Behandling av planprogram. Gebyr pr. plan | 12450 |
| Behandling av konsekvensutgreiing. Gebyr pr. plan | 16600 |
| Konsekvensutgreiingar, jf. pbl. Kap 14, gjeld i dei høve kommunen er ansvarleg mynde etter vedlegg I og II-tiltak i forskrift om konsekvensutgreiingar. Gebyr for medgått tid | 1050 |

For planar som krev planprogram og konsekvensutgreiing skal det betalast eit tilleggsgebyr pr søknad. Gebyret gjeld ikkje for statlege reguleringsmyndigheiter som Statens vegvesen, Jernbaneverket ol.

5.4 Endring av plan

Kommunen avgjer i kvart tilfelle om det er ei mindre eller større endring, og dessutan om endringa er så vesentleg at den krev ny søknad. Er endringane så betydelege at søknaden vert å betrakte som ny sak, vert det betalt fullt gebyr. Ved endring av plan skal det betalast følgjande gebyr.

| Gebyr | Sats |
|--|--|
| Endringar i reguleringsplan som vert handsama som ny plan i samsvar med § 12-14, første ledd. Gebyr pr. plan | følgjer ordinær gebyr som privat planforslag |
| Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-14, andre ledd (delegert vedtak). Gebyr pr. plan | 20750 |
| Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl. § 12-14, andre ledd (politiks vedtak). Gebyr pr. plan | 29050 |

6 Bygge- og deleforbod (pbl. kap. 13)

| Gebyr | Sats |
|---|--------|
| Søknad om fritak frå vedtak om bygge- og deleforbod | 15 000 |



7 Byggesak

7.1 Søknad utan ansvarsrett

Tiltak som krev søknad etter plan- og bygningslova § 20-4, men er unnateke krav om ansvarsrett og kan utførast av tiltakshavar. Herunder:

- Mindre byggjearbeid på bebygd eigedom
- Mellombelse bygg
- Transportable bygg
- Driftsbygningar i landbruket med BRA opptil 1000m²
- Garasjar, leikestover over 15 m², osb.
- Mindre skilt og reklameinnretningar
- Støttemur under 1,5 m høgde.
- Flytebyggje opptil 15 m²
- Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafør ein brukseining

| Gebyr | Sats |
|-------------------------|------|
| Søknad utan ansvarsrett | 5000 |

7.2 Tiltak som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 a

For søknader om til- og påbygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt. I dei høve eitt og same bygg fell inn under fleire punkt, skal gebyr for respektive del reknast etter respektive punkt.

7.2.1 Bustadbygg og fritidsbustader

Herunder nye bustadbygg og fritidsbustader og bruksendring av heile bueiningar

| Gebyr | Full sats | Redusert Sats |
|--------------------------|-----------|---------------|
| For første bustadeining | 20500 | 15400 |
| Tillegg per bustadeining | 10000 | 7500 |

7.2.2 Næringsverksemd, tenesteyting mv.

Herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule og barne- hage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande.

| Gebyr | Full sats | Redusert Sats |
|-------------------------------------|-----------|---------------|
| Per påbegynt 100 m ² BRA | 10000 | 7500 |
| Maksimumsbeløp | 372400 | |

7.2.3 Lagerhus, uthus, naust mv.

Herunder lager, garasje, carport og parkeringshus, uthus, naust og liknande.

| Gebyr | Full sats 2022 | Redusert Sats 2022 |
|-------------------------------------|----------------|--------------------|
| Per påbegynt 100 m ² BRA | 10000 | 7500 |
| Maksimumsbeløp | 372400 | |

7.2.4 Tilbygg til eksisterande bygningar, jf. Plan- og bygningslova § 20-1, pkt. a, b, c og g

For søknader om til- og påbygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.



7.2.5 Bustadbygg og fritidsbustader

| Gebyr | Full sats | Redusert Sats |
|---|-----------|---------------|
| Til- og påbygg, herunder: -til- og påbygg per påbegynt 30 m2 BRA - oppdeling og sammenføring av bruksenheter -bruksendring med bygningsmessig arbeid på deler av boenhet | 7000 | 5300 |
| Endringsarbeid på bygg, per bustadeining, herunder: -innreiing av rom til opphald i kjellar og/eller på loft -innvendig ombygging – per bustadeining -vesentleg fasadeendring -terrassar -bruksendring utan bygningsmessige arbeid på deler av boenhet | 2200 | |

7.2.6 Næringsverksemd, tenesteyting mv.

Herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule og barnehage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande. For søknader om til- og påbygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.

| Gebyr | Full sats 2022 | Redusert Sats 2022 |
|--|----------------|--------------------|
| Til- og påbygg, herunder: -til- og påbygg til eksisterande bygningar. Per påbegynt 100 m2 BRA -bruksendring med bygningsmessige arbeid. Per etasje | 7000 | 5300 |
| Endringsarbeid på bygg, herunder: -innvendig ombygging. Per etasje -innreiing av rom til opphald, heismaskinrom, ventilasjons- rom mv. I kjellar og/eller på loft. Per påbegynt 100 m2 BRA -vesentleg fasadeendring -bruksendring utan bygningsmessige arbeid. Per etasje | 7000 | 5300 |
| Maksimumsbeløp | 372400 | |

7.2.7 Lagerhus, uthus, naust m.v.

Lager, garasje og parkeringshus, uthus, naust og liknande. For søknader om til- og påbygg som er 100% komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.

| Gebyr | Full sats 2022 | Redusert Sats 2022 |
|---|----------------|--------------------|
| Til- og påbygg, herunder -til- og påbygg til eksisterande bygningar. Per påbegynt 100 m2 BRA -bruksendring med bygningsmessige arbeid. Per etasje | 7100 | 5300 |
| Endringsarbeid på bygg, herunder -innvendig ombygging. Per etasje -innreiing av rom til opphald, heismaskinrom, ventilasjonsrom mv. I kjellar og/eller på loft. Per påbegynt 100 m2 BRA -vesentleg fasadeendring -bruksendring utan bygningsmessige arbeid. Per etasje. | 7100 | 5300 |



7.2.8 Tekniske installasjonar

Oppføring, endring og reparasjon av tekniske installasjonar som er søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 pkt. f, jf. § 31. Herunder:

- Sanitære anlegg (bad/wc, dusj, vaskerom, badstove)
- Kulde- og varmepumpeanlegg
- Heisar og liknande
- Brannalarmanlegg
- Sprinklaranlegg
- Oljeutskiljarar
- Varmeanlegg, herunder: sentralvarme, solcellepanel,

| Gebyr | Full sats 2022 |
|-----------------|----------------|
| Tekniske anlegg | 2200 |

7.2.9 Andre tiltak

Jf. Plan- og bygningslova § 20-1 pkt. e, h, i, j, k og l.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Parkeringsplassar > 100 m ² , vegar > 100 lm, store leidningsanlegg (som evt. Kan overtakast av kommunen), store kaier > 100 m ² , molo, gang- og køyrebruer, tunnelar og kulvertar, hallar og anlegg i fjell jordtipp, vesentleg terrenginngrep. | 15400 |
| Parkeringsplassar < 100m ² , vegar < 100 lm, mindre leidnings- anlegg, mindre kaier, grave- og fyllingsarbeid, enkle lausmasse- og fjellarbeid i dagen, avkøyring, større konstruksjonar slik som støyskjerm, lysmast, TV-mast, radiomast, tribunar, ballbingar, større støttemur over 1,5 meter høgde, flytebrygge over 15 m ² og liknande, | 6100 |
| Bustadbrakke på arbeidsplass, gjerde mot veg, mindre støttemur opp til 1,5 m høgde og liknande (I dei tilfelle dette er søknads- pliktig.) | 2200 |
| Skilt-/reklameinnretningar. | 3900 |
| Separate søknader om riving av bygningar, konstruksjonar og anlegg som er søknadspliktige tiltak | 3000 |

7.2.10 Dispensasjonar

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanar, utbyggings- planar, kommuneplanen sin arealdel og PBL § 1-8 («100 m-beltet»)

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Gebyr for dispensasjonssøknader (1 eller 2 dispensasjonar i saka) | 18700 |
| Tillegg for dispensasjonssøknader nr 3 og fleire: Pr stk. | 4200 |
| Søknad om fritak frå byggtknisk forskrift (TEK) | 8700 |

7.2.11 Samla søknad og behandling av dispensasjon og søknad om tiltak

Dersom søknad om dispensasjon vert avslått og det i same sak er søkt om og behandla søknad om tiltak:

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Gebyr for søknad om tiltak i same sak som avslår søknad om dispensasjon | 2600 |



7.2.12 Søknad om endring og reviderte teikningar

For tilfelle der det vert sendt inn reviderte teikningar etter at søknaden er godkjent.

| Endring | Betalast etter | Full sats 2022 |
|---|----------------|----------------|
| Reviderte teikningar som ikkje krev nytt vedtak | Pr søknad | 2400 |
| Reviderte teikningar som krev nytt vedtak – søknad om endring | Pr søknad | 5000 |

Kommunen avgjer i kvart tilfelle om det er ei mindre eller større endring, og dessutan om endringa er så vesentleg at den krev ny søknad. Dersom endringane er så betydelege at søknaden blir å betrakte som ny sak, vert det betalt fullt gebyr.

7.2.13 Delt sakshandsaming

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| For sakshandsaming av igangsetjingsløyve | 3200 |
| For sakshandsaming av mellombels bruksløyve | 3200 |

7.2.14 Søknad om godkjenning av ansvarsrett

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Søknad om godkjenning av ansvarsrett som sjølvbyggjar | 2500 |
| Søknad om godkjenning av ansvarsrett etter SAK 10 § 11-4 sjette ledd | 2500 |

7.2.15 Førehandskonferanse

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---------------------|----------------|
| Førehandskonferanse | 2200 |

7.2.16 Søknad om overføring av areal, oppretting av nye grunneigedom, ny anleggseigedom eller nytt jordsameige

Jf. Plan- og bygningslova § 20-1, pkt. m.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| For søknad der grensene er i samsvar med fastsett plan | 6600 |
| Tillegg for ekstra tomt | 3300 |
| For søknad der grensene ikkje går fram av fastsett plan (regulerings- eller utbyggingsplan) eller i uregulert strøk | 16900 |
| Tillegg for ekstra tomt | 3300 |
| Søknad om frådeling av tilleggsareal, grensejustering, arealoverføring, vegareal og liknande. | 16900 |
| Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanar, utbyggingsplanar, kommuneplanen sin arealdel og PBL § 1-8 («100 m-beltet») | 18700 |

For sakar som krev handsaming etter jordlova vert det fakturert statleg sats, jf. Kapittel 5, pkt. 5.4.2 i gebyrregulativet.

7.2.17 Reviderte kart

For små endringar i areal som vert avdekt under oppmålingsforretning, vert det skrive eit notat på, utan gebyr.

For tilfelle der endringar krev endringssøknad, nytt situasjonskart og nytt delevedtak, vert det kravd gebyr.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|-------------------------------------|----------------|
| Revidert kart som krev nytt vedtak. | 5000 |



7.2.18 Avslutta sak før realitetsvedtak

Gebyr for sak som avsluttast utan realitetsvedtak, anten ved at søknaden vert trekt eller at saka vert avvist.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Dokumentregistrering utført. | 1050 |
| Sakshandsaming påbegynt. | 2600 |
| Sakshandsaming påbegynt, dispensasjon etter høyring | 5100 |

7.2.19 Ulovlege tiltak (pbl. Kap. 32)

Gebyr for ulovlege tiltak vert fakturert i tillegg til ordinært sakshandsamingsgebyr etter handsaming av byggesøknad for tiltaket.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Oppfølging av ulovlege tiltak. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr: | 6200 |
| Vedtak med pålegg om retting eller stans (PBL § 32-3 og 32-4) Kostnader med tinglysing kjem i tillegg. | 4700 |
| Vedtak om tvangsmulkt (PBL § 32-5) | 4700 |

8 Kart og oppmålingssak

Jf. Matrikellova § 30 og 32 med tilhøyrande forskrift § 16.

8.1 Oppretting av matrikkeleining

8.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Areal frå 0 –250m ² | 27900 |
| Areal frå 251 – 750m ² | 35700 |
| Areal frå 751 – 2.000m ² | 43500 |
| Areal frå 2.001 m ² – auke pr. påbegynt 1.000m ² | 3100 |
| Gebyret vert avgrensa til maksimalt | 82200 |

I ein rekvisisjon med fleire enn 5 tomter vert det gitt 20 % rabatt av samla sum.

Føresetnaden er at det vert rekvidert og betalt samstundes og at arealet er tilrettelagt og ferdig opparbeid med vegar. Ved oppmålingsforretning der ein ikkje treng merking og måling i marka vert gebyret redusert med 50%.

8.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Areal frå 0 –250m ² | 2900 |
| Areal frå 251 – 750m ² | 5900 |
| Areal frå 751 – 2.000m ² | 8800 |
| Areal frå 2.001 m ² – auke pr. påbegynt 1.000m ² . Avgrensa til kr. 10.000,- | 1600 |

8.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Areal frå 0 –50m ² | 14800 |
| Areal frå 51 – 250m ² | 18600 |
| Areal frå 251 – 2.000m ² | 23300 |
| Areal frå 2.001 m ² – auke pr. påbegynt 1.000m ² | 1600 |



8.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Anleggseigedom vert definert som ein bygning eller konstruksjon, eller eit avgrensa fysisk volum som er løyva bygd ut, og som er skilt ut med eige gards- og bruksnummer.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Volum frå 0 – 2000m ³ | 34000 |
| Volum frå 2001m ³ – auke pr. påbegynt 1000m ³ | 1500 |
| Gebyret vert avgrensa til maksimalt | 82200 |

8.1.5 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Når det føreligg særlege grunner, kan ein rekvirent søkja om at det vert oppretta ny matrikkeleining før oppmålingsforretninga er heilt fullført, jf. Matrikkellova § 6.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Med gebyrsatsar som følgjer pkt. 5.3.1.1 – 5.3.1.4 I tillegg kjem gebyr pr. matrikkeleining, også seksjonert uteareal, for å fullføra oppmålingsforretning | 2600 |

8.1.6 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid, jf. Kapittel 5 Timesatsar.

8.2 Grensejustering

8.2.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklassar gjelde.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|-----------------------------------|----------------|
| Areal frå 0 – 250m ² | 12400 |
| Areal frå 251 – 500m ² | 18600 |

8.2.2 Tilleggsparsell

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Areal frå 0 – 250m ² | 15500 |
| Areal frå 251 – 500m ² | 21700 |
| Areal frå 501m ² – auke pr. påbegynt 500m ² | 1500 |

8.2.3 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av volumet, men den maksimale grensa er sett til 1000 m³

| Gebyr | Full sats 2022 |
|------------------------------------|----------------|
| Volum frå 0 – 250m ³ | 15500 |
| Volum frå 251 – 1000m ³ | 23300 |



8.3 Arealoverføring

8.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Areal frå 0 – 250m ² | 16400 |
| Areal frå 251 – 500m ² | 22900 |
| Areal frå 501m ² – auke pr. påbegynt 500m ² | 1500 |

8.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje være registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ein matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eitt samanhengande volum.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Volum frå 0 – 250m ³ | 17700 |
| Volum frå 251 – 500m ³ | 24800 |
| Volum frå 501m ³ – auke pr. påbegynt 500m ³ | 1500 |

8.4 Klarlegging av eksisterande grense og kartlegging av rettar

8.4.1 Der grensepunkta tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| For inntil 2 pkt. | 11300 |
| For overskytande grensepunkt, pr. pkt. | 2900 |

8.4.2 Der grensa ikkje er koordinatbestemt tidlegare

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| For inntil 2 pkt. | 14000 |
| For overskytande grensepunkt, pr. pkt. | 3900 |

8.4.3 Privat grenseavtale

Billigaste alternativ for rekvirent skal veljast

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| For inntil 2 punkt eller 100 m. grenselengde | 4700 |
| Frå 3. punkt – auke pr. nytt punkt eller påbegynt 100 m. grenselengde | 2300 |

8.4.4 Gebyr for kartlegging av rettar

Gebyr for kartlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid, jf. Kapittel 5 Timesatsar.

8.5 Gebyr

8.5.1 Betaling av gebyr

Gebyret skal betalast til Øygarden kommune etter rekningsoppgåve frå kommunen. Betaling skal skje etter regulativ og dei satsar som gjeld på rekvisisjonstidspunktet.



8.5.2 Betalingstidspunkt

Før innkalling og gjennomføring av oppmålingsforretning skal tilhørende gebyr vera betalt. I saker som utløyer dokumentavgift må denne vera betalt før saka vert sendt til tinglysing. Etterfakturering for ekstra grensepunkt må påreknast.

8.5.3 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

For utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, eller av andre grunnar ikkje kan matrikkelførast skal det betalast 1/3 av gebyret. Vert saka avbroten eller trekt etter at det halden oppmålingsforretning skal det betalast 2/3 av gebyret.

8.5.4 Mottakar av rekninga

Dersom andre enn rekvirenten skal ha rekning på gebyret, må det føreliggje skriftleg avtale mellom rekvirent og den som skal ha rekningsoppgåva.

8.5.5 Tilbakebetaling / avkorting av gebyr

Dersom kommunen oversit fristen, skal gebyret for oppmålingsforretninga og matrikkelføringa avkortast med ein tredel. Dersom kommunen oversit fristen med ytterligere to månader, skal gebyret avkortast med ytterligere ein tredel. Matrikkelforskrifta § 18 Frister i saker som krever oppmålingsforretning.

8.6 Matrikelbrev

Maksimalsatsane vert sett av Kartverket, og endringar regulert i takt med den årlege kostnadsutviklinga, matrikkelforskrifta § 16 pkt. 4.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Utskriving av matrikelbrev inntil 10 sider | 180 |
| Matrikelbrev over 10 sider | 350 |

9 Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar

Endringar i Eigarseksjonslova vert gjort gjeldande frå 01.01.2018. I den nye eigarseksjonslova er sjølvkostprinsippet for gebyr teke inn i lovteksten. Kommunen kan i tillegg krevje gebyr etter reglane i matrikellova for oppmålingsforretning og matrikelbrev. Gebyr for tinglysing vert også betalt til kommunen. Vert begjæring om seksjonering avslått, skal tinglysingsgebyret og halvparten av gebyret for seksjoneringa betalast tilbake til søker.

9.1 Oppretting av eigarseksjonar, nybygg

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| 1-4 seksjonar | 8900 |
| 5-10 seksjonar | 12200 |
| Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon | 560 |
| Gebyret vert avgrensa til maksimalt | 55600 |

9.2 Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| 1-4 seksjonar | 11100 |
| 5-10 seksjonar | 14500 |
| Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon | 560 |
| Gebyret vert avgrensa til maksimalt | 55600 |



9.3 Reseksjonering

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| 1-4 seksjonar | 11100 |
| 5-10 seksjonar | 14500 |
| Frå 11 seksjonar, tillegg per ny seksjon | 560 |
| Gebyret vert avgrensa til maksimalt | 55600 |

9.4 Synfaring

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Synfaring av eigedom utført når kommunen finn det naudsynt ved handsaming av saka. Gebyret kjem i tillegg til gebyr etter pkt. 5.3.9.1 - 5.3.9.3 | 3900 |

9.5 Sletting / oppheving av seksjonert sameige

| Gebyr | Full sats 2022 |
|--|----------------|
| Handsaming for å slette seksjonar på ein eigedom | 3200 |

Der seksjonering omfattar uteareal som krev oppmålingsforretning vert gebyret fastsett etter gjeldande regulativ for kart- og oppmålingsgebyr punkt 5.3.1.3 (Oppmåling uteareal for eigarseksjon).

Der seksjonering omfattar uteareal som krev målebrev, vert gebyr fastsett etter gjeldande regulativ for kart og oppmålingsgebyr (med fråtrekk av tinglysingsgebyr).

10 Miljø og landbruk

10.1 Konesjonshandsaming

Maksimalsatsar vert sett av staten gjennom Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Søknad om konsesjon – enkle/kurante sakar | 2500 |
| Søknad om konsesjon – andre sakar | 2500 |

Det vert ikkje kravd gebyr for handsaming av eigenerklæring om konsesjonsfriheit.

10.2 Jordlovshandsaming

Maksimalsatsar vert sett av staten gjennom Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker.

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Handsaming etter Jordlova med tilhøyrande forskrifter | 2000 |

10.3 Gebyr for tiltakssaker etter forureiningslova

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Godkjenning av tiltaksplan. Gebyr for saksbehandling etter medgått tid, med minstegebyr | 4900 |

10.4 Søknad om utslepp frå separate avløpsanlegg. (Forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 14.)

Gebyr for handsaming av søknad om utslepp frå separate avløpsanlegg er heimla i Forureiningslova § 52 a. For utslepp av avløpsvatn som er mindre enn 50 PE (personar) gjeld standardvilkår i Lokal forskrift for bruk av mindre



avløpsanlegg. For utslepp av avløpsvatn som er større enn 50 PE (personar) gjeld standardvilkåra i forureiningsforskrifta kapittel 13 Krav til utslipp av kommunalt avløpsvatn frå tettbusetnad.

Gebyr for handsaming av søknad om utslepp frå olje- og feittutskiljarar er heimla i Forureiningslova § 52a. For utslepp frå olje- og feittutskiljarar gjeld standardvilkår lokal forskrift om utslepp av olje- og feittaldig avløpsvatn i Fjell kommune

| Gebyr | Full sats 2022 |
|---|----------------|
| Handsaming av søknad om <u>nytt</u> utslepp frå avløpsanlegg mindre enn 50 PE | 6700 |
| Handsaming av søknad om <u>nytt</u> utslepp frå avløpsanlegg større enn 50 PE | 25100 |
| Handsaming av søknad om utslepp frå olje- og feittutskiljarar | 6700 |

10.5 Gebyr for tilsyn og kontroll

For tilsyn og kontroll med private avlaupsanlegg og anna forureining, der tilsynet/kontrollen avdekkjer brot på forureiningslova med forskrifter, og som medfører vedtak om pålegg, skal det betalast etter medgått tid til tilsyn/kontroll og oppfølging av pålegget i ettertid, jf. Kapittel 5 Timesatsar.

For periodisk tilsyn og kontroll varsla og vedteken i delegert vedtak, skal det betalast etter medgått tid til tilsyn/kontroll og oppfølging i ettertid, jf. Kapittel 5 Timesatsar.